



## REGLEMENT FOR GODTGJERING TIL FOLKEVALDE

**-gjeld frå 01.01.2012-**

VEDTEKE I MODALEN KOMMUNESTYRE 29.03.2012 SAK 16/12

### **A. FAST ÅRLEG GODTGJERSLE.**

#### **ORDFØRAR:**

Ordførar skal ha ei årleg godtgjersle for ordførarvervet. Godtgjersla skal vera 2/3 av stortingsrepresentantane si faste årlege grunngodtgjersle.

Justering pr. 1/1 kvart år. Utbetaling i 12 like månadsgodtgjersler.

Ordføraren har rett til sjukepengar, og skal meldast inn i kommunen si pensjonsordning for folkevalde.

Godtgjersla omfattar alle verv og oppgåver ordføraren har, inkludert skyssgodtgjersle frå heim til arbeidsplass på Mo.

Ordførargodtgjersla for komande valperiode skal vurderast av sitjande kommunestyre før utgangen av mars månad siste året i kommunestyreperioden.

#### **ETTERGODTGJERSLE ORDFØRAR:**

Dersom ordføraren går attende til tidlegare arbeid/tek til i ny stilling, vert det gjeve 1 månadsløn i ettergodtgjersle.

Dersom ordføraren ikkje har stilling å gå attende til, vert det gjeve 3 månader ettergodtgjersle.

#### **VARAORDFØRAR:**

Varaordføraren skal ha ei årleg godtgjersle på 7% av ordføraren si godtgjersle. Godtgjersla dekker møtegodtgjersle i kommunestyre, formannskap, politiske organ/utval oppnemnd av kommunestyret, representasjonsoppgåver og kortare vikaroppdrag for ordføraren.

Dersom varaordføraren fungerer som ordførar i meir enn 2 veker, skal det utbetalast ordførargodtgjersle for heile vikariatperioden.

Utbetaling i 12 like månadsgodtgjersler.

**FASTE MEDLEMER I FORMANNSKAPET:**

Faste medlemer i formannskapet skal ha ei godtgjersle for sitt verv på 4% av ordføraren si godtgjersle. Den faste godtgjersla dekker møtegodtgjersle i kommunestyret, formannskap og næringsfondstyret.

Fråvære på meir enn 1/3 av møta fører til ein reduksjon i godtgjersla på 25%.

Varamedlem som møter på meir enn 1/3 av møta i kalenderåret, får utbetalt så stor del av den faste godtgjersla som vedkomande har delteke på møta. (% møtedeltaking = % av den faste godtgjersla).

Utbetaling i 12 like månadsgodtgjersler.

**B. MØTEGODTGJERSLE.**

Synfaring vert rekna som møte.

Det vert ikkje gjeve møtegodtgjersle for gruppemøte, fraksjonsmøte eller andre møte i partia.

Arbeidstakarrepresentantar i kommunale organ får ikkje møtegodtgjersle.

Møtegodtgjersle vert ikkje gjeve til tilsette som deltek i møte i kraft av si stilling.

Det vert berre utbetalt ei møtegodtgjersle når fleire møte vert avvikla etter kvarandre.

**SATSAR:**

Møtegodtgjersla er kr. 1.000,- pr. møte for leiarar og kr. 700,- for medlemer.

Vararepresentantar som møter p.g.a ugildskap m.m. skal ha ½ møtegodtgjersle dersom opphaldet i møtelokalet varer mindre enn 1 time. Deretter full møtegodtgjersle.

**C. TAPT ARBEIDSINNTEKT.**

Det vert ikkje gjeve erstatning for tapt arbeidsforteneste for møte som startar etter kl. 16 med mindre tapet kan dokumenterast/ gjerast sannsynleg.

**DOKUMENTERT TAPT ARBEIDSINNTEKT:**

Vederlag vert gjeve inntil kr. 3.000,- pr. dag. Stadfesting av trekk i løn, feriepengar og eventuelt pensjonsytigar skal gå fram av rekninga.

Sjølvstendig næringsdrivande skal gje opp føretaksnummer, og elles gjera sannsynleg tapet, t.d. ved hjelp av siste års skatteavrekning.

**UDOKUMENTERT TAPT ARBEIDSINNTEKT:**

Vederlag vert gjeve med kr. 1.500,- pr. dag.

Møte inkludert reisetid som varer mindre enn 3 timer, vert godtgjort med kr. 750,-.

**D. KOMMUNALT REISEREGULATIV.**

Folkevalde har krav på godtgjersle i samsvar med kommunen sitt reiseregulativ.

**E. REFUSJON AV UTGIFTER TIL VIKAR VED OMSORG SARBEID.**

Modalen kommune dekkjer dokumenterte utgifter til:

- |  |                   |
|--|-------------------|
| • Tilsyn med born inntil                         | kr. 750,- pr. dag |
| • Stell og tilsyn med sjuke og eldre inntil      | kr. 750,- pr. dag |
| • Naudsynt transport for vikar vert dekka inntil | kr. 750,- pr. dag |

**F. TELEFONGODTGJERSLE.**

Modalen kommune held mobiltelefon til ordførar og dekkjer alle kostnader ved oppretting og bruk av abonnementet.

Kommunestyremedlemer får kr. 500,- i telefongodtgjersle pr. år.

Leiarar i kommunale utval, råd og nemnder får dekka utgifter etter rekning, avgrensa til kr. 500,- pr. år.

**G. HANDSAMINGSREGLAR.**

Krav om vederlag for tapt arbeidsinntekt, reiseutgifter m.m. skal fortrinnsvis leverast kundetorg for utbetaling kvar månad.

Modalen kommune utarbeider skjema som skal nyttast for krav om godtgjersle.

Modalen kommune syter for at det vert utbetalta møtegodtgjersle.

**H. TOLKINGSSPØRSMÅL.**

Rådmannen tek avgjerd.